

Årsmelding

2011

Eidsfossen Sykkelklubb



Lagbilde for trening 12.mai 2011 (foto Per Svein Reed)

Velkomen til Årsmøte i Eidsfossen Sykkelklubb Gloppebua 4. mars 2012 kl 18.00

Sakliste

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar, sekretær og to til å skrive under møteboka
3. Innkomne saker til styret
4. Godkjenning av årsmelding
5. Godkjenning av rekneskap
6. Godkjenning av kontingent for 2012
7. Val
Årsmøtet er slutt

Matøkt

I etterkant av årsmøtet;
Premieutdeling lagsmeisterskap

Ordet fritt:

Drøfting av opplegg for fellestreningar, klubbmeisterskap, konkurransar m.m.

Styresamansetning

Følgjande styre blei valt på årsmøtet 13. mars 2010:

Leiar: Vidar Eide (på val i 2012)

Nestleiar og kasserar: Kjetil Eide (på val i 2012)

Styremedlem og sekretær: Dag-Arne Eide (på val i 2012)

Styremedlem: Helge Roska (på val i 2013)

Styremedlem: Ragnhild Gundersen (på val i 2013)

Varamedlem: Kjersti Rønningen (på val i 2012)

Revisorar: Arne Myklebust og Allan Mardal

Valnemnd: Olav Henden (leiar) og Arne Nesgård

Medlemstal

Klubben har ved utgangen av 2011 152 medlemmar. Dette er ein auke på 24 frå året før, og det høgste medlemstalet som har vore registrert. Av desse har 62 vore aktive i terrengsykling (deltaking på ritt og treningar) og 32 på landeveg.

Møte og saker

Det har i 2011 vore 3 styremøte (31.jan, 13.mars og 31.mars) og vore handsama 12 saker. Årsmøtet blei avvikla på Glippebua 13. mars. I etterkant av årsmøtet var det ein diskusjonskveld omkring opplegget med fellestreningar mm.

Det har i 2011 blitt arrangert ein klubbkveld, 21.oktober i kantina på SFE. Då blei det mellom anna vist film frå Jølster Rundt og lagsmeisterskap fellesstart. Det var også innlagd ein uhøgtideleg konkurranse med måling av wattproduksjon på rulle.

Nettsider

Klubben sine nettsider finn ein framleis på www.eidsfossensykkel.no

Der er det mellom anna eit aktivt diskusjonsforum som vert hyppig brukt av mange. Nettsidene hadde i 2011 36544 treff, noko som gir eit gjennomsnitt på 100 pr dag. Månaden med mest trafikk var august med 4315 treff (140 pr dag).

Sportslege resultat 2011

Medlemar frå Eidsfossen Sykkel har 120 rittstartar i 2011, fordelt på 42 personar i 24 sykkelritt, sjå oversikt side 14. Dette er ein svak tilbakegang i tal rittstartar og ulike ritt, medan tal ulike personar som starta i ritt er det same som i 2010.

Landeveg:

Ulstein Nordea-rittet 25.april:

Eidsfossen Sykkel var representerte med 4 deltakarar i Ulstein-Nordea-rittet i Ulsteinvik. To av våre hang med tetgruppa nesten til mål då det gjekk eit tydelegvis avtalt brot i ein s-sving med ein liten bakke. 4 mann frå Nettet og Ulstein stakk og klubbkameratane deira var naturleg nok lite interesserte å køyre dei inn. Dette blei då for tøft for våre to og nokre få til. Øystein Kristiansen vart tredjemann i denne gruppa og dermed nr 7 totalt i mål. Med det blei han bestemann frå klubben. Ole Marius Gloppestad kom like bak. Desse tok dei to første plassane i klasse M30-39! Benny Østerbye Hansen kom noko lengre bak i mål. Ragnhild Gundersen var uheldig og punkterte tidleg. Litt etter dette gjorde ikkje løypevakta jobben sin, og ho sykla feil og 8 km for langt. Likevel vart ho vinnar av klasse K30-39!

<http://www.ulsteinsykel.no/>

Os rundt 1.mai

Per Erik Eimhjellen starta på dette rittet. Han hang godt med frå start, men var uheldig og fekk store tekniske problem og måtte bryte.

6-vatnsrunden 15.mai:

3 mann var avgarde og deltok på Voss 15.mai. Ole Marius Gloppestad var med teten inn og blei best på tida 2,09, vidare Per Erik Eimhjellen 2,13 og Øystein Kristiansen 2,21. Svært sterke resultat!

<http://www.voss-sk.no/>

Jølster rundt 22. mai:

Per Erik Eimhjellen kan no saman med Mikael Johansen kalle seg rekordhaldar i Jølster Rundt etter eit fantastisk ritt . Dei to kom inn på den svært sterke tida 2.00.16. Mykje vind undervegs gjorde at dei beste ikkje klarte å knipe dei siste sekunda og kome under to timar. Flott innsats også av Øystein Kristiansen og Ole Marius Gloppestad som var med heilt der framme i rekordpulja heile vegen. Klubben hadde 18 deltakarar på startstrek, og viste godt igjen undervegs i rittet.

Resultat:

Per Erik Eimhjellen 2.00.16

Øystein Kristiansen og Ole Marius Gloppestad 2.01.16

Henry Hammersland, Jørn Lothe, Edvard Fjellestad og Benny Østerbye Hansen 2.18.06

Erlend Eide , Kjetil Eide, Helge Roska, Dag-Arne Eide, Odd Bjarne Tveit 2.20.46

Johnny Hauge 2.23.46

Vidar Eide, Arne Myklebust og Svein Rune Aaland 2.32.44,
Magne Moritsgård 2.37.23. Bjørnar Gilleshammer ikkje fullført.
<http://www.fordeck.org/>

Bergen-Voss 8. juni:

Eidsfossen Sykkel hadde 16 mann på startstrek under årets Bergen-Voss. Fire av desse starta i rekordpuljer, og alle desse oppnådde sterke tider. Flott innsats også av dei øvrige. Helge Roska er veteranen i klubben på dette rittet og deltok i år for 10.gong. Bestemann Ole Marius Gloppestad blei nummer 28 totalt av 4216 startande og nummer 12 av 1048 i si klasse. Ein svært sterk prestasjon!

I år var det noko meir ruskete forhold som gjorde at tidene for mange vart ein del dårlegare enn under fjorårets optimale tilhøve.

Resultat:

Ole Marius Gloppestad 4.17.39
Per Erik Eimhjellen 4.25.44
Johnny Hauge og Øystein Kristiansen 4.35.33
Henry Hammersland 4.42.37
Helge Roska 4.45.37
Magne Moritsgård 4.47.58
Kjetil Eide 4.56.15
Vidar Eide 4.58.41
Svein Rune Aaland 4.59.33
Kjell Petter Solhaug 5.00.31
Arne Myklebust 5.05.56
Olav Gloppestad 5.17.40
Arild Bruland 5.42.57
Jarle Gjengedal 5.59.44
Jostein Flølo 7.12.32

Aarseth-tråkket 11.juni

Dag-Arne Eide, Per Erik Eimhjellen, Andreas og Eirik Rauset representerte klubben i dette gaterittet i Høyanger sentrum. Seniorane sykla 10 runder og juniorane 3 og 1 runde på 3,5 km.

6.plass til Per Erik, 11.plass til Dag-Arne og 2.plass til Andreas i eit ritt som hadde forholdsvis lita deltaking.



Per Erik Eimhjellen i farta under Aarseth-tråkket (foto "The Gøyanger")

Nibberittet 12. juni:

Eidsfossen Sykkel hadde 6 deltakarar i det etterkvart så tradisjonsrike Nibberittet frå Geiranger til toppen av Dalsnibba. Desse stod for fleire sterke tider og plasseringar i år også. Nytt av året var ei ungdomsklasse med ei kortare løype frå Djupvasshytta til toppen av fjellet. Her deltok Mats Sollid Eide. Det er verd å merke seg sterk innsats av debutant Ingrid Fjellestad med 3.plass i si klasse på tida 1,49,44.

Resultat:

M 30-39 (72 deltakarar):

20. Trond Hansen 1,34,12

M40-49 (116 delt.):

9. Kjetil Eide 1,19,40

15. Jørn Lothe 1,25,05

M50-59 (72 delt):

21. Arne Myklebust 1,35,19

K30-39 (10 delt):

3. Ingrid Fjellestad 1,49,44

Nibberittet 5 km (10 delt.):

4. Mats Sollid Eide 15,26

<http://www.frafjordtilfjell.com/hoved.php?valg=2>

Den Store Styrkeprøven 21.juni (Trondheim-Oslo):

Svein Rune Aaland og Jarle Gjengedal deltok på den Store Styrkeprøven. Førstnemnde sykla saman med Førde CK og kom inn på tida 18 timar 33 min, medan Jarle fekk tida 19.04.

<http://www.styrkeproven.no>

Jotunheimen rundt 8.-9.juli:

Eidsfossen Sykkel hadde to mann på startstreken, Svein Rune Aaland og Arne Myklebust, i det som med rette vert kalla "Norges tøffaste sykkelritt". Og tøft blei det. Mykje regn frå start og meir undervegs også. I mørket med regn og låge temperaturar punkterte Arne på tur nedover frå Fillefjell. Han vart då hekta av og sykla mykje åleine derifrå vidare nedover dalen. På Fagernes venta Svein Rune, men han var imidlertid så kald og frosen at han ikkje makta å sykle vidare og braut løpet der. Arne fortsette og fullførte rittet på om lag 19 timar 34 min etter å ha sykla mykje på eigahand.

<http://www.jotunheimenrundt.com>

Hardingrittet 30.juli:

Per Erik Eimhjellen deltok i Hardingrittet, og var med på å vinne dette! Dette er eit nokså flatt turritt på landeveg på 77 km som går under morellfestivalen i Hardanger.

Gaularfjellrittet 20.august:

Stig Svalheim gjorde ein svært sterk rittdebut i Gaularfjellrittet. Han sykla opp fjellet på den sterke tida 33.34 og kom med det på 6.plass totalt i rittet og vann klasse M30-39, ei klasse med 24 deltakarar. Han var kun 1.20 bak vinnar Sondre Austrheim frå Sogn CK. Det er fleire sterke namn og røynde syklistar å sjå på resultatlista bak han. Arne Myklebust deltok også og fekk tida 38.36 og kom med det på 4.plass i klasse M50-59.

Terreng:

Norgescup i Rogaland 7. og 8.mai:

Familien Nesgård deltok på Norgescup i Rogaland. Første dagen var det temporitt, medan det andre dagen var rundbane fellesstart. Far Arne vann si klasse begge dagar. Flott innsats også av barna Even, Gunhild og Mathias.

Okserittet 2.juli:

Arne Nesgård deltok på dette rittet i Lyngdal. Her sikra han seg ein svært sterk 11.plass i okse-klassen i konkurranse med eliterytterar.

<http://www.okserittet.no/>

Grenserittet Ung 5. august:

Mats Sollid Eide deltok i klasse gutar 13-14 år og fekk ein flott 21.plass av 61 på tida 1.23.19. Vinnartida var 1.10.32.

Grenserittet 6.august:

Her starta 3 mann frå klubben med følgjande oppnådde resultat:

Kjetil Eide 3.03.46, nummer 66 av 1047 i klasse M 45-49, og nummer 496 av 6545 totalt i rittet.

Vidar Eide 3.17.10, nummer 198 i si klasse og nr 1142 totalt

Ole Geir Flølo 4.31.26, nummer 896 i si klasse og 5176 totalt

Løypa var lagd om og var noko lengre enn tidlegare år, difor vart tidene for dei fleste ein del dårlegare.

<http://www.grenserittet.com/>

Postvegrittet 6.august:

Eidsfossen Sykkel gjorde seg sterkt bemerkta under Postvegrittet i Dale med heile 12 mann på startstrek. Dessverre vart rittet prega av at fleire sykla feil og nokre var involvert i ein velt. Men dei fleste frå klubben kom svært godt ifrå det i dette rittet. Mellom anna var det femdobbelt i klasse M30, og siger i M50. Totalvinnar vart Bjarte Engelsen, Svelvik på tida 1.39.55.

Tidene til våre deltakarar:

Øystein Kristiansen 1.41.41

Edvard Fjellestad s.t.

Ole Marius Gloppestad s.t.

Arne Nesgård s.t

Trond Hansen 1.47.17
Dag-Arne Eide 1.47.36
Benny Østerbye Hansen 1.49.41
Otto Ose 1.55.24
Arne Myklebust 1.57.24
Helge Roska 2.01.05
Kåre Gimmestad 2.09.42
Johnny Hauge braut

<http://postvegrittet.no>

Sykkelenern 6. august:

Her deltok to frå klubben;

Svein Rune Aaland 3.13.23 fekk ein svært sterk 14.plass av 120 deltakarar i M50-54!

May Kristin Sæther 4.20.55, nr 20 av 39 i K40-44.

<http://www.enern.com/>



May Kristin Sæther etter Sykkelenern (foto Svein Rune Aaland)

Eidsfossen Grand Prix 14. august:

Trass i kollisjon med NM i friidrett på Byrkjelo vart det i år deltakarrekord på Eidsfossen Grand Prix med totalt 145 på startstrek. Spesielt kjekt å sjå at nokre frå Flora Sykkelklubb tok turen, og at fleire ungdomar over 16 år som ikkje har vore med på ritt tidlegare deltok sporty i seniorklassa. Likevel skuffande at ingen damer var med i konkurranseklassa, og kun to jenter.

Som vanleg knytta det seg stor spenning til seniorklassa for herrar, og der vart som helga før i Postvegrittet, Øystein Kristiansen bestemann i ein tett kamp framfor fleire andre klubbkameratar. Under gode og tørre forhold vart det også ny løyperekord på tida 33.29.

Andre klassevinnarar vart Otto Ose, Andreas Rauset, Even Nesgård, Oda Eide og Sunniva Ramsdal.



Dei tre beste i seniorklassa Eidsfossen Grand Prix 2011, frå v. nr 2. Ole Marius Gloppestad, 1. Øystein Kristiansen, 3.Arne Nesgård (foto Vidar Eide)

Resultat:

Gutar 10-12 år:

1. Even Nesgård 9.45
2. Eirik Rauset 9.50
3. Simon Hjelmeset Kirkeeide 10.24
4. Håvard Bergheim Holvik 10.30
5. Johan Lothe 10.42
6. Ruben Elvebakk Nesdal 11.05
7. Simen Ramsdal 11.09
8. Matias Sollid Eide 11.39

Gutar 13-15 år:

1. Andreas Rauset 8.31 (ny løyperekord)
2. Marius Langø 8.44
3. Sander Nesdal 8.48
4. Mats Sollid Eide 9.11
5. Sebastian Haugen 10.22

Herrar senior:

1. Øystein Kristiansen 33.29
2. Ole Marius Gloppestad 33.30
3. Arne Nesgård 33.31
4. Edvard Fjellestad 33.52
5. Johnny Hauge 34.48
6. Stig Svalheim 34.53
7. Per Erik Eimhjellen 35.02
8. Kjetil Eide 35.09
9. Jørn Lothe 35.21
10. Trond Hansen 36.25
11. Odd Bjarne Tveit 36.39
12. Henry Hammersland 36.52
13. Helge Roska 37.10
14. Olav Henden 37.47
15. Atle Sparby Ommedal 37.48

16. Vidar Eide 39.29
17. Sveinung Susort 41.52
18. Joakim Ramsdal 47.31
19. Thomas Hammersland 47.40
20. Vegard Hauge 47.53

Herrar Veteran:

1. Otto Ose 38.03
 2. Jon Husabø Hansen 39.46
- Arne Myklebust DNF

Jenter 10-12:

Sunniva Ramsdal 17.43

Jenter 13-15:

Oda Eide 11.51

I kongle-klassa for born under 12 år var det 64 deltakarar og familieklassa utan tidtaking 42 deltakarar.

Vinnar av sykkel frå Olav K. Henden/G-sport vart Otto Ose.

Birkebeinerrittet 27. august:

Også i 2011 var det god deltaking og mange sterke tider under Birkebeinerrittet. Bestemann vart Edvard Fjellestad på den imponerende tida 3.06.30. Med dette vart han bestemann frå Sogn og Fjordane i årets ritt! Det sterke løpet gav han ein 52.plass av 2111 deltakarar i klasse M35-39. Han vann også kåringa "Årets namn" under Birkebeinerrittet 2011.

Erlend Eide gjorde også eit sterkt ritt, med tida på 3.08.24 fekk han ein 25.plass av 346. I desse klassene vart også ein god del som sykla i eliteklassa plassert inn når dei kom i mål. Sterk innsats også av Dag-Arne Eide som med tida 3.16.39 vart nummer 30 i klasse M50-54. Flotte gjennomførte ritt også av debutantane, mellom anna merke til Otto Ose og Benny Østerbye Hansen. Totalt hadde klubben 23 menn og 2 kvinner på startstrek, og desse samla 17 merke.

I Ungdomsbirken deltok Oda Eide, Eirik og Andreas Rauset, her hevda Andreas Rauset seg veldig bra i klasse gutar 14 år. Med start frå pulje 2 langt bak i feltet sykla han seg opp til ein 23.plass av 119 deltakarar. 3 gutar frå Eidsfossen Sykkel deltok også i Barnas Birkebeinerritt.

Samla sett var det 31 stk i aksjon på sykkel i Birkebeinerarrangementa denne laurdagen. Med dette var vi største og beste klubb frå Sogn og Fjordane på Birkebeinerrittet også i 2011. Heile 6 stk var toppseeda til beste startposisjon i sine klasser. Debutantar som ikkje har vore med på seedingsritt må starte til slutt. Forholda i løypa er ofte dårlegast seint på dagen. Såleis er det ikkje råd å samanlikne prestasjonane til alle. Eigen oversikt frå Birkebeinerrittet ligg på nettsidene.



Debutant Sigmund Vereide på veg mot mål til tida 4.33.20 (foto Vidar Eide)

Resultat:

M20 (346 deltakrar):

- 25. Erlend Eide 3,08,24
- 35. Johnny Hauge 3,14,28

M30 (1186 delt.):

- 76. Ole Marius Gloppestad 3,16,14
- 113. Øystein Kristiansen 3,20,48

M35 (2111 delt.):

- 52. Edvard Fjellestad 3.06.30
- 164. Arne Nesgård 3,18,45
- 271. Benny Østerbye Hansen 3,24,44
- 478. Per Erik Eimhjellen 3,34,41
- 529. Trond Hansen 3,38,13
- 837. Odd Bjarne Tveit 3,51,31

M40 (2590 delt.):

- 1071. Jørn Lothe (med uhell) 3,56,20

M45 (2116 delt.):

- 162. Henry Hammersland 3,23,42
- 240. Magne Moritsgård 3,29,17
- 266. Helge Roska 3,30,16
- 274. Vidar Eide 3,30,38
- 380. Olav Henden 3,34,36

M50 (1390 delt.):

- 30. Dag-Arne Eide 3,16,39
- 300. Otto Ose 3,42,40
- 354. Svein Rune Aaland 3,46,14
- 947. Sigmund Vereide 4,33,20

M55 (727 delt.):

310. Kåre Gimmestad 4,10,37

651. Jostein Flølo 5,33,40

K40 (386 delt.):

181. May Kristin Sæther 4,52,53

K45 (298 delt.):

222. Else Margrethe Larsen 5,37,32

<http://www.birkebeiner.no/ritt/>

Alperittet 3.september:

Fleire barn og ungdomar starta i Alperittet på Stranda. Årets nye startordning fall dessverre dårleg ut for eit par av våre deltakarar.

Det var i år lagt inn ei ekstrarunde for dei vaksne som skulle sykle løypa for dei unge først, saman med desse. Når denne runda var over låg Mats Sollid Eide og Sander Nesdal føre fleire vaksne og vart stoppa når dei skulle sykle mot mål og vinka vidare i langløypa. Ein uheldig arrangørtaffe. Men desse to gutane sykla godt og kom likevel først over mål etter ei ekstrarunde saman med ein annan.

Even Nesgård og Simon Hjelmeset Kirkeeide sykla også denne løypa og gjorde ein flott innsats.

Surr med tidtakarsystemet gjorde at tidene ikkje vart rette for desse ungdomane.

Svein Rune Aaland var einaste som sykla langløypa frå Eidsfossen Sykkel. Han kom på 5.plass i si klasse på tida 2.07.

Gunhild og Mathias Nesgård deltok i 2 km løypa utan tidtaking.



Deltakarar i Alperittet 2011: Sander Elvebakk Nesdal, Mats Sollid Eide, Gunhild Nesgård, Even Nesgård, Simon Hjelmeset Kirkeeide og Mathias Nesgård (foto Kjetil Eide)

<http://www.alperittet.com/sykkel1.htm>

Kleiva Opp 4.september:

Dagen etter Alperittet deltok Sven Rune Aaland i motbakkerittet/-løpet Kleiva Opp på Hopland. Han vann der sykkelklassa som hadde 3 deltakarar.

Skarsteinsetra Opp 10.sept:

Skarsteinsetra Opp vart arrangert i Olden i 2011 for første gong. Dette er eit kombinert motbakkeløp og sykkelritt, dvs. løparar og syklistar starta samstundes i Olden sentrum, medan mål var på Skarsteinsetra 400 moh. Dag-Arne Eide var førstemann opp på 22.02, og sette iflg. arrangøren ein svært sterk løyperekord som skal bli vanskeleg å slå (vel, vel..?). Vidar Eide kom også på pallen i det han tok tredjelassen på 24.18. Mellom dei kom Roger Rake frå BOC på 22.27. Det vanka flotte pokalar og heider og ære til dei tre på pallen. Svein Rune Aaland vart slått på målstreken og kom inn på 5.plass på 25.24. Beste løpar vart Helge Hafsås som kom i mål mellom 2. og 3.syklist på 23.29. Det starta 15 syklistar og 11 løparar på tid, og omkring 100 trimmarar utan tidtaking. Eit flott arrangement i strålende natur og flott ver. Stor stemning med mykje publikum i den aller siste bratte bakken opp mot mål. Eidsfossen-syklistane var nærmast heltar her, og hjarteleg velkomne. Arrangøren oppmoda oss om å stille fleire på startstrek neste år.



Skarsteinsetra Opp: frå v Svein Rune Aaland, Vidar Eide og vinnar Dag-Arne Eide (foto Torstein Tvinnereim, Fjordingen)

Terrengsykkelkarusell 13.sept:

4 av juniorane frå Eidsfossen Sykkel deltok på eitt av ritta i Terrengsykkelkarusellen til Førde CK på Langeland. Mats og Mathias Sollid Eide og Andreas og Eirik Rauset gjorde ein flott innsats der. Eirik fekk bestetid i 4km løypa, medan Andreas og Mats var dei einaste som sykla 6 km.

Spenstrunden MTB Femsjøen rundt 17.sept:

Ole-Geir Flølo deltok som einaste deltakar frå klubben i dette terrengrittet i Halden. Han kom i mål til ny personleg rekord og var godt nøgd.

Neste side viser oversikt over ritttdeltaking for medlemmar av Eidsfossen Sykkel i 2011.

Ritteldtaking
Eidsfossen
Sykkel 2011

	25.apr Ullstein-Nordea-rittet	1.mai Os Rundt	7.mai Norgescup	8.mai Norgescup	15.mai 6-vatn runden	22.mai Jølster Rundt	4.juni Bergen-Voss	11.juni Aarsethtråkket	12.juni Nibberittet	25.juni Stykeprøven	2.juli Okserittet	8.-9.juli Jotunheimen rundt	30.juli Hardingrittet	5.aug Grenserittet Ung	6.aug Sykkelenem	6.aug Grenserittet	6.aug Postvegrittet	20.aug Gaularfjellrittet	27.aug Birkebeinerittet	27.aug Ungdomsbirken Sykke	3.sept Alperittet	4.sept Kleiva Opp	10.sept Skarsteinsetra Opp	17.sept Spensstrunden MTB Femsjøen rundt
Øystein Kristiansen	x				X	x	x										x		x					
Ole M. Gloppestad	x				X	x	x										x		x					
Ragnhild Gundersen	x																							
Benny Ø. Hansen	x					x											x		x					
Per Erik Eimhjellen		x			X	x	x	x				x							x					
Bjørnar Gilleshammer						x													x					
Johnny Hauge						x	x										x		x					
Edvard Fjellestad						x											x		x					
Henry Hammersland						x	x												x					
Jørn Lothe						x			x										x					
Dag-Arne Eide						x		x										x		x			x	
Odd Bjarne Tveit						x													x					
Vidar Eide						x	x										x		x				x	
Kjetil Eide						x	x		x								x							
Arne Myklebust						x	x		x			x						x	x					
Svein Rune Aaland						x	x			x		x			x				x		x	x	x	
Magne Moritsgård						x	x												x					
Erlend Eide						x													x					
Helge Roska						x	x										x		x					
Kjell Petter Solhaug							x																	
Jostein Flølo							x												x					
Jarle Gjengedal							x			x														
Arild Bruland							x																	
Olav Gloppestad							x																	
Andreas Rauset									x											x				
Eirik Rauset									x											x				
Mats Sollid Eide										x				x							x			
Ingrid Fjellestad										x														
Trond Hansen										x							x		x					
Arne Nesgård				x	x						x							x		x				
Even Nesgård				x	x																x			
Ole-Geir Flølo																	x							x
Otto Ose																		x		x				
Kåre Gimmestad																		x		x				
May Kristin Sæther															x				x					
Else M. Larsen																			x					
Sigmund Vereide																			x					
Oda Eide																				x				
Stig Svalheim																			x					
Olav Henden																				x				
Sander E. Nesdal																						x		
Simon H. Kirkeeide																						x		
	4	1	2	2	3	18	16	4	6	2	1	2	1	1	2	3	12	2	25	3	5	1	3	1

6
6
1
4
7
2
4
3
3
3
5
2
5
4
6
9
3
2
4
1
2
2
1
1
2
2
3
3
3
2
2
2
1
1
1
1
1
1
1
1
1
120

Motbakkeløp

Medlemar av Eidsfossen Sykkel har også i 2011 delteke på ei lang rekke motbakkeløp. Fleire har hevda seg høgt opp i sine klassar. Særleg bør Erlend Eide trekkjast fram med sin 7.plass totalt i det prestisjetunge Stoltzekleiven Opp i Bergen. Han fekk der den sterke tida 9.01, og slo med det mellom anna verds cupvinnar i skiskyting Tarjei Bø. Han sette også rekord på Kletten Opp i Naustdal for 2.gong, og vart nr 2 på Trappeløpet i Høyanger med den beste tida av nokon frå Sogn og Fjordane i dette løpet, som har vore arrangert sidan 1992.

Nemnast bør også Trond Midtkandal som gjekk heilt til topps i si klasse i Buff Fanaråken Opp på tida 1,12,41. Trond og Erlend har også fleire sterke plasseringar frå andre motbakkeløp dette året.

Andre motbakkeløp med representasjon av medlemar av Eidsfossen Sykkel har vore: Ulriken Opp i Bergen, Svinestrandsløpet på Sandane, Galdhøpiggen Opp, Vetenløpet i Bremanger, Trollenykjen Opp på Eid, Mefjellet Opp på Sunnmøre, Rimstigen Opp ved Nærøyfjorden, Eggenipa Opp på Byrkjelo, og Adidas Skåla 1848 m rett opp i Loen.



Trond Midtkandal under Buff Fanaråken Opp 2011 (foto Anna Jenny Dvergsdal) og Erlend Eide saman med Tarjei Bø under Stoltzekleiven Opp (foto Dag-Arne Eide).

Andre idrettsarrangement:

Breimstafetten 1. mai:

Eidsfossen Sykkel stilte med tre lag på Breimstafetten og tok heim sigeren både i veteran og superveteranklassa! Dette er første gong vi har gått heilt til topps. Også i år var det spaning og kniving mellom dei to laga heile vegen, og i år som i fjor var det Trond Hansen som avgjorde på 5. etappe til fordel for veteranlaget. Superveteranlaget hadde leigt inn Odd Kolseth og stod som Eidsfossen Sykkel/GFIL i programmet. Vi hadde også eit lag i opa klasse som kom på 6.plass. Med tre lag på startstrek sette vi dermed farge på Breimstafetten også dette året.



Veteranlaget til Eidsfossen sykkel Breimstafetten 2011 (foto Oda Eide)



5 av 6 på Superveteranlaget til Eidsfossen Sykkel, Breimstafetten 2011 (foto Oda Eide)

<http://www.breim.no/stafett/>

Triathlon i Hyen 23.juli:

Eidsfossen Sykkel gjorde også i år reint bord under triathlon-konkurransen i Hyen. Pga nordavind og høge bølger vart det ikkje symjing i år, men i staden ei 500 m løp etappe først. Deretter dei kjende løypene både med sykkel og løp. Det blei dobbeltsiger i klasse M35-44 ved Edvard Fjellestad og Jørn Lothe. Vidar Eide vann klasse M45-54. Team Rauset tok ein klar

siger i stafettklassa. Litt dårlegare deltaking i år både totalt sett og frå Eidsfossen Sykkel.

Fleire frå klubben har også delteke på skirenn og løp i 2011. Nokre har då gjerne representert andre klubbar i desse konkurransane. Det kan nemnast at Helge Roska sikra seg sitt fjerde fat som Superbirkebeinar, med merke på renn, ritt og løp i same kalenderår. Nemnast bør også at Eirik og Andreas Rauset fullførte Ungdomstrippelen og vart henholdsvis nr 22 og 9 i sine klasser der.

Fellestreningar

Frå 3.april til 1.september har Eidsfossen Sykkel gjennomført 41 "offisielle" fellestreningar på sykkel for vaksne, då inkludert klubbmeisterskapa. Dette har vore svært varierte turar, både langturar langs landevegen og kortare turar høgt til fjells i flott natur. Faste treningsdagar har vore søndagar på terrengsykkel og torsdagar på landeveg. Det har også vore ein del laurdagstreningar på landeveg tidleg på sesongen fram mot Bergen-Voss. Desse er ikkje med på statistikken nedanfor. Totalt har 42 ulike personar delteke på ein eller fleire av treningane. "Vinnaren" med flest oppmøte er Johnny Hauge med 40 av 41 mogeleg oppnåelege! Oppmøtestatistikken inngår som ein del av lagsmeisterskapan.

Her er dei fremste på oppmøtestatistikken:

1. Johnny Hauge 40
2. Ole Marius Gloppestad 36
3. Øystein Kristiansen 31
4. Dag-Arne Eide og Per Erik Eimhjellen 30
6. Henry Hammersland 29
7. Vidar Eide 28
8. Arne Myklebust og Odd Bjarne Tveit 27
10. Trond Hansen 23
11. Kjetil Eide 21
12. Magne Moritsgård og Olav Henden 20

Også hausten 2011 har det vore intervalltreningar på sykkel i Austrheimsbakkane, og også dette året var det lovnad om julebord til dei ivrigaste. Denne gongen hjå Vidar Eide. 13 mann hadde kvalifisert seg til dette, og alle møtte på ein triveleg kveld.

Barne- og ungdomsaktivitetar

Klubben har hatt ein del treningar for born i alderen 8-15 år. Arne Nesgård har vore ansvarleg for desse og dei har vore på terrengsykkel på Vereide, Langisane og Eidsmona. Det har vore variabelt oppmøte, men ein god del ivrige har vore innom. Fleire av dei som har vore med på desse treningane har også delteke på ritt. Desse er nemnt tidlegare i årsmeldinga.

Klubben har også med støtte frå Sparebanken Sogn og fjordane kjøpt inn 3 rekrutteringssyklar for landeveg. Desse har vore i flittig bruk heile sommaren av 8 ungdomar frå 12-15 år. Desse syklane har gått totalt 2456 km i løpet av sesongen!



Bra oppmøte på første barnetrening på Vereide 30.april (foto Margot Nesgård)

Dametreningar

Det har vore eigne dametreningar på måndagar i 2011. Fleire nye har kome til og oppmøtet har vore langt betre enn tidlegare år. Inntil 12 damer har vore tilstades samstundes på desse treningane. Turane har gått i nærområda på terrengsykkel.

Mosjonsgruppe

Det har i 2011 vore freista å vidareføre mosjonsgruppa frå 2010. Dette er tenkt som eit tilbod for dei som ønskjer noko lågare fart og intensitet på treningane. Dessverre har oppmøtet på desse treningane vore så minimalt at tilbodet vart teke vekk i løpet av sommaren.

Lagsmeisterskap

Klubben hadde også dette året eit opplegg med ei rekkje lagsmeisterskap, der ein samanlagtvinnar blei kåra. 5 konkurransar vart gjennomført i tillegg til at også oppmøte på treningar kunne vere gjeldande. Eitt temporitt (Vassenden-Andenes t/r), eitt motbakkeritt (Ryssfjøra-Dimma) eitt terrengritt (Eidsfossen Grand Prix), Birkebeinerrittet, ein fellesstart landeveg (Kleivdammen-Andenes-Sandane-Sande-Ravnestad-Bukta-Eide-Kleivedammen). 4 beste plassiffer av desse 6 var teljande. Det var dette året betre oppmøte enn tidlegare på fleire av konkurransane. Klubbmeister for andre gong vart Ole Marius Gloppestad.

Resultatliste temporitt Vassenden-Andenes t/r 19.05.11:

1. Per Erik Eimhjellen 39.07
2. Ole Marius Gloppestad 39.46
3. Arne Nesgård 40.34
4. Johnny Hauge 40.53
5. Øystein Kristiansen 41.27
(Kristian Kahlbom 41.32)
6. Henry Hammersland 41.54
7. Jørn Lothe 42.25
(Øystein Vereide 43.41)
8. Edvard Fjellestad 43.52
9. Benny Østerbye Hansen 43.57
10. Jon Husabø Hansen 47.35
11. Odd Bjarne Tveit 47.58
12. Andreas Ruset 49.18
13. Vidar Eide 49.49
14. Mats Sollid Eide 52.37



*To 14-åringar og ein 58 åring etter temporittet:
frå v. Andreas Ruset, Jon Husabø Hansen og Mats Sollid Eide (foto Vidar Eide)*

Resultat motbakkeritt Ryssfjøra-Dimma 08.06.11:

Herrar:

1. Ole Marius Gloppestad 26.23
2. Arne Nesgård 26.49
3. Kjetil Eide 27.00
4. Stig Svalheim 27.12

5. Johnny Hauge 27.22
6. Jørn Lothe 28.00
7. Edvard Fjellestad 28.34
8. Henry Hammersland 28.56
9. Trond Hansen 29.14
10. Per Erik Eimhjellen 29.52
11. Trond Midtkandal 30.24
12. Arne Myklebust 30.58
13. Helge Roska 32.24
14. Mats Sollid Eide 32.39
15. Vidar Eide 33.38
16. Jon Husabø Hansen 33.48
17. Svein Rune Aaland 33.52
- Øystein Kristiansen DNF

Damer:

1. Ingrid Fjellestad 36.24
2. Ragnhild Sollid 39.46



*Ingrid Fjellestad og Ragnhild Sollid etter motbakkerittet
(foto Ingrid Gimmestad)*

Resultat Fellesstart landeveg, 01.09.11

1. Øystein Kristiansen 57.58
2. Per Erik Eimhjellen 58.06
3. Johnny Hauge 58.06
4. Edvard Fjellestad 58.08
5. Ole Marius Gloppestad 58.09
6. Arne Nesgård 58.11
7. Olav Henden 58.44
8. Henry Hammersland 58.45
9. Helge Roska 58.46
10. Stig Svalheim 58.56
11. Svein Rune Aaland 60.10
12. Vidar Eide 60.10
13. Magne Moritsgård 60.10
14. Odd Bjarne Tveit 60.12
15. Jon Husabø Hansen 61.46

Resultat frå terrengritt side 9-10
 Resultat frå Birkebeinerrittet side 11-12
 Resultat frå treningsoppmøte side 17

Nedanfor følgjer resultatliste med plassiffer for dei deltakarane som hadde minimum 4 teljande konkurransar i lagsmeisterskapet i 2011:

		Tempo	Motbakke	Terreng	Birken	Fellesstart	Oppmøte	Sum
1	Ole Marius Gloppestad	2	1	2	4	5	2	7
2	Øystein Kristiansen	5		1	7	1	3	10
3	Johnny Hauge	4	5	5	3	3	1	11
4	Per Erik Eimhjellen	1	10	7	14	2	4	14
5	Arne Nesgård	3	2	3	6	6	10	14
6	Edvard Fjellestad	8	7	4	1	4	15	16
7	Henry Hammersland	6	8	12	8	8	6	18
8	Jørn Lothe	7	6	9	19	-	15	37
9	Odd Bjarne Tveit	11	11	11	18	14	8	41
10	Vidar Eide	13	15	16	12	12	7	44
11	Trond Hansen		9	10	15		10	44
12	Helge Roska		13	14	11	9	17	47
13	Jon Husabø Hansen	10	16	17		15	22	58
14	Svein Rune Aaland		19		17	11	20	67

Sponsor/Klubbavtale

Klubben har inngått klubbavtaler med Olav K. Henden AS og Sparebanken Sogn og Fjordane.

Klubben sine medlemmar får rabatt på sykklar og sykkelutstyr kjøpt hjå O.K.Henden, og firmaet støttar Eidsfossen Grand Prix med premiar.

Eidsfossen Grand Prix har også sikra seg fast betydeleg støtte frå Sparebanken Sogn og Fjordane framover.



Trenarar/Kurs:

Kjetil Eide har trenar 1 og trenar 2 kurs.

Arne Nesgård har trenar 1 kurs.

Ingen frå klubben har delteke i sykkelrelaterte kurs i 2011.

Kleskolleksjon:

I 2011 blei det kjøpt inn ein god del klubbttøy. Mykje av det var bestilt av medlemmane på førehand, men klubben kjøpte også inn ein del til lager for vidaresal til medlemmar ved seinare høve. Dette er kun korte bukser og korte trøyer, både for vaksne herrar og damer og også noko for barn/ungdom.

For styret i Eidsfossen Sykkel, februar 2011

Vidar Eide

-leiar-

REKNESKAP EIDSFOSSEN SYKKELKLUBB 2011

INNTEKTER

Medlemskap:	14300
Gåver/Sponsor/ Grasrotandel:	18085,50
EGP 2011:	1780,50
Renter:	161

UTGIFTER

Adm.	: 2981,50
Kontingentar	: 5300
Annonser	: 197
Utstyr	:22161,50
Spinning	: 520
Fellesturar/ritt	: 1461
Diff. Kjøp/ sal av klede	:12832

.....
= 34277,-

.....
= 45453,-

Resultat 2011: - 11176,-

Konto 1/1-11: 33348,-

Konto 1/1-12: 22272,-

**Utstyr/Klelager: Sykkelverktøy, mekkestativ, 3 racersyklar junior
Verdi klelager pr.1/1-12: ca. 30000,-**

Sandane 26. jan 2012, Kjetil Eide, kasserar